

# Kyrkjetonar



Juleminner

Alpha

Go' kveld

KyrkjeNÆR:  
Hausttakkefest

# Frå krybba til krossen...til misjon



Fra krybben til korset gikk veien for deg,  
slik åpnet du porten til himlen for meg.  
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,  
så alle kan samles i himlen hos deg!

Når eg skriv dette er det siste  
søndag i kyrkjeåret, ein søndag  
prega av dom, evig liv og  
framtidstru. Det går ein klar tråd  
frå Jesu fødsel, via forsoning på  
krossen, til misjonsbefalinga.

Me skal fortelja videre om Jesu liv  
og gjerning, og me skal leva etter  
Hans ord: "Det de gjorde mot ein  
av desse minste brørne mine, det  
gjorde de mot meg."

Matteus 25, 40b

Forventninga som bygger seg  
opp mot Jesu komme er ein del  
av det kristne livet.

Jesu fødsel var varsle av mange  
profetar, og israelsfolket hadde  
fått eit inntrykk av korleis  
Frelsaren skulle vera. Men frå  
siste profet snakka om den  
kommande Messias, og fram til  
Han faktisk vart fødd, gjekk det  
omlag 600 år.

600 år er lang tid å bygga opp  
forventning, og lang tid til å gi  
opp ventinga.

Medan me ventar på julehøgtida  
og ventar på at Jesus skal komma  
att for å "døma levande og døde,"  
må me hjelpe kvarande å halda  
fast på trua. (1. Peter 4,5b)

Jesus viste oss vegen frå krybba  
i ein stall, til krossen på Golgata.  
Og medan me ventar på at Jesus  
skal koma igjen skal me gå på  
Jesu misjonsbefaling: «Eg har fått  
all makt i himmelen og på jorda.  
Gå difor og gjer alle folkeslag til  
læresveinar: Døyp dei til  
namnet åt Faderen og Sonen og  
Den heilage ande og lær dei å  
halda alt det som eg har bode  
dykk. Og sjå, eg er med dykk alle  
dagar så lenge verda står.»

Matteus 28, 18-20

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta: 25. november

## Framsidebiletet:

Undring overlivet i jorda.  
Frå hausttakfesten i  
Førresfjorden sokn  
foto: Kristin T. Skofteland

## Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,  
Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni,  
september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espvik,  
5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142,  
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø,  
Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde,  
Inger Magrethe Pedersen-Espevold

Post til redaksjonen kan også sendast:  
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:  
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10  
Girokonto: 3240.07.61212.  
Frivillig kontigent: kr. 150,-  
Kasserar: Børge Løype,  
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22  
Grafisk utforming: Ståle Hustoft

## Kyrkja i Tysvær

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og  
Nedstrand sokn

Telefon\*: 52 75 77 00

Internett: [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no)  
E-post: [kirkja@tysver.kommune.no](mailto:kirkja@tysver.kommune.no)

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær  
og Førresfjorden sokn  
telefaks: 52 75 77 10  
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag  
kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn  
telefaks: 52 75 77 21  
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

## Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje  
Mobiltelefon: 93 415 402

## Sokneprest Bård Egil Dyrhol

Sokneprest Dag Tormod Milje  
Mobiltelefon: 934 15 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre  
Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88,  
mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus  
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

## Trusopplæring/Kyrkjenær

Leiar Kyrkjenær: Kristin Trageton Skofteland  
Medarbeidarar:  
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro  
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre  
Førresfjorden: Kari Undheim  
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta  
Skorpe Elverhaug  
Telefon: 52 75 77 00\*

## Organistar

Kari Undheim, telefon 928 08 103  
Stein Johannes Kolnes, mob. 909 18 088  
Gunn Bergvold Larsen,  
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

## Kyrkjeleverje

Tysvær kommune: Terje Fjeldheim  
Mobiltelefon: 934 15 404  
Bokn kommune: Svanhild Alvestad  
Mobiltelefon: 934 15 440

## Kyrkjetenarar

Tysvær sokn: Ingebrigts Lundervold  
Mobiltelefon: 404 11 889  
Førresfjorden sokn: Målfrid Høie  
Telefon: 52 77 36 88  
Bokn sokn: Odd Grønnestad  
Telefon 52 74 84 03  
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide  
Mobiltelefon: 934 15 403  
Skjoldastrumen: Barbara Stølvik  
Telefon 52 77 92 78

## redaktørens hjørne



## Brass og kammerkor

av Greta Skorpe Elverhaug

Kammerkoret Bocca gjesta oss torsdag den 15. november. Med seg hadde dei songelevar frå Kulturskolen. Jentene song nydelege folketonar. Bocca tok oss med gjennom ulike stilarter og tette klangar; klassisk musikk og bånsullar.

Dei over 80 frammøtte denne kvelden fekk med seg lux for haustmørkret. Bocca og jentene frå Kulturskolen ga oss lys og musikk for ei kald årstid. På torget etterpå var det god prat og fin stemning. Pastasalatar, grøne salatar, brød, kaffi og te fekk ein gå på.



Det blir fleire Go`kveldar, men du må vente til våren. Etter påske er du velkommen til ny Go`kveld i Aksdal kyrkje!



# En rosehilsen

Biskopens julehilsen, julen 2012

på kyrkjebakken

**En av høstens fineste opplevelser var Salmekvelden vi inviterte til i egen stue. Det ble trangt om plassen, og sanggleden var sterkt.**

Salmedikteren Eyvind Skeie var sammen med oss, og han hadde valgt en tekst av julens store salmedikter Svein Ellingsen, «Det finnes en dyrebar rose». Bildet av rosen som «trosser all frost på jorden/ og blomstrar og blomstrar igjen» har levd i meg siden. Jeg ser for meg rosetogene etter 22. julitragedien, og blomsterhavet foran flere av kirkene våre, og lar salmeteksten synke inn:

«Den blomstrar fremdeles i verden/ og dufter av sommer, til trøst/ for alle som bøyes av smerte/ i jordlivets nakne høst./

Å, brennende rose som blomstrar/ i kulde og smerte og savn!/ Å, hellige tegn på jorden/ Guds kjærlighet er dens navn.»

Guds kjærlighet som fikk ansikt i et nyfødt, sårbart barn i en krybbe. Englene svarte på Guds kjærlighet med sang: «Ere være Gud i det høyeste, og fred på jorden blant mennesker som Gud har glede i! (Lukas 2,14)

Som min julehilsen gir jeg videre denne første julesangen og et lite dikt av Ragnhild Bakke Waale om den første salmekvelden på Betlehemsmarkene;



## «Kjære juleengler»:

Så vakkert dere sang den natten,  
den stjernenatten på hyrdemarkene,  
så uendelig vakker gjenklangen er  
fra den magiske stjernenatten,  
gjenklangen gjennom århundre,  
vakkert drysset ut  
som stjernene over jordas netter,  
så lyset stråler fram  
over skygelandet.»



Velsignet julehøytid!

Erling J. Pettersen  
Stavanger biskop

## Familiespeidar er triveleg for små og store!



I Tysværåg KFUK-KFUM-speidaren har vi familiespeiding. Når vi er saman kjem vi oss ut på tur og har det kjekt!

Bileta er frå bålmoget som vi hadde på Erland, 4.november. Då blei det grilla pølsjer og bananar med sjokolade, vi laga ringspel av pinnar frå naturen, hadde andakt og klatra.

Følg med på «soknehuset.no» for å finne datoar for våren. Velkommen til alle i alle aldrar!

## Nms si misjonsmesse for Tysvær og Bokn sokn

av Edvin Gjerde

**Laurdag 17. november vart den årvisse misjonsmessa til NMS avvikla på Tysvær Soknehus. Veret var ikkje til å skryta av ute, men desto gildare var det å vera innomhus. Soknehuset vart fullt heilt frå starten av.**

Folk strøymde inn dørene og vart møtt av frisk song og musikk. Aastein Austerheim var dagens gode leiar. Senores frå Karmøy spela og song fleire gonger utover dagen til glede for alle som var der. Gledespredaren, under leiing av Marit Sofie Vikre, fekk barnesongen til å varma oss alle.

Alle dei som sat bak salsbordene fekk meir enn nok å gjera. Salet gjekk strykande av fine heimelaga ting og bakverk. NMS Gjenbruk var der med mange julevarer. Og loddbøkene vart utskrivne etter kvart. Lista over gevinstar var lang. Fine ting, innkjøpte, heimelaga og heimesydde.

Midt i dagen kom programinnslaga. Sokneprest Aurdal tok to av turdeltakarane frå Madagaskarturen opp på scena til ein interessant samtale. Det vart mange sterke inntrykk for dei som var med. Og dagens talar, misjonskonsulent Ingvald A. Frøyen, heldt andakt. I ei forsamlings av store og små fekk han alle med. Misjon handlar om å ta mot evangeliet og gi det vidare. På Madagaskar veks kyrkja fort i dag. I Mali har dei kristne vanskelege tider. Men frøet ligg i jorda. På gangen hadde borna eit flott aktivitetstilbod der dei kunne laga litt av kvart. Det vart flittig nytta.



I kafeen var det kø, for på ein slik dag hører det med å eta graut eller lapskaus og kosa seg med kaffi og kaker. Og i pausane gjekk praten over bordene med slekt og vener. Barn, unge og gamle såg ut til å trivast. Og om ikkje alle vann, så var alle nøgde. Difor kunne leiaren av Tysvær Misjonsforening, Liv Solveig Gjerde, til slutt takka alle som hadde vore med å gjera dagen vellukka.

Mange har lagt ned eit stort arbeid før og under messa. Resultatet var det beste noko gong, kr 104 000 brutto, til NMS sitt vidare arbeid!

## KAFFEKROKEN

KVIFOR HAR DU SETT EIT KRYSS VED DEN EINE STEMMA PÅ ORGELET?



DET ER DEN NYE PIPA. HO SKAL BERRE BRUKAST...



© Hans Johan Sagrusten



# Fred i Colombia

**Fred i Colombia ? No lurar kanskje nokon på om dette er ein politisk artikkel om fredsprosessen som blei starta i Oslo i Oktober mellom FARC-geriljaen og regjeringa. Eller har ein berre innsnevra bodskapen om fred på jorda i desse juletider, og tenkt at det får greie seg med ynskje om fred i Colombia dette året ? Men ingen av desse grunnane har gjeve overskrifta til denne artikkelen. Viss du les resten, så vil du kanskje forstå litt meir om kva dette handlar om.**

## Eit lite historisk tilbakeblikk

I Brønnøysundregisteret er det faktisk registrert ein foreining som heiter FRED I COLOMBIA. Den korte versjonen av ein lang historie blir slik: For ti år sidan møtte ein ihuga gjeng frå Finnøy ein politisk flyktning frå Colombia. Den ihuga gjengen forstod at i Colombia var det mange utfordringar



**Inghild Skeiseid** er tilbakeflytta tysværbu og leiar for foreninga **Fred i Colombia**. I november kom Inghild heim igjen frå ein tur til Colombia.



Bilete frå garden, med leiar Alfredo Diaz i forgrunnen

finne ut av korleis ein kan få utnytte situasjonen til sin fordel, kriminelle grupper, korrupte politikarar og polititet. Du kan ikkje stole på nokon, du kan jo ikkje vite kven folk er. Folk går lett over lik, og ein veit sjeldan kven som står bak drapa. Ein skal leite lenge etter folk som har ein tanke om fellesskap, dugnad-sånd, byggja eit samfunn der ein tek vare kvarandre. Samfunnet er gjennomsyra av mistillit til kvarandre.

## Mange historier

Mange har sine historier om korleis situasjonen påverkar deira liv, ein treng ikkje leite lenge før ein finn dei. Gardsarbeidaren vår har sine brør i FARC-geriljaen, og han sjølv var soldat i hæren. Då den eine broren blei drepen, fekk han klar beskjed frå geriljaen om at han ville bli skoten om han ikkje forlot hæren. Krigen splitter også familar

Då eg spurte hushjelpen på garden om kor mange ungar ho hadde, svarte ho fem i live, og to døde. Dei to eldste sønene blei drepte på landsbygda for fire år sidan. Ho visste ikkje kven som gjorde det, og ikkje kvifor. To enker sat igjen, og tilsaman sju born mista far sin.

## Glade dagar

Midt i denne kvardagen prøvar me å få til glade dagar. Barnehagen har no 25 plasser. Her har borna ein trygg plass med leik og mykje latter. Ein gards-eigedom ved landsbyen er nyleg kjøpt, og til neste år flyttar barnehagen til garden. Garden gir mange muligheter for å samla born og ungdom. Det har vore bålkeldar for ungdom, motorcross-køyring og familielidagar. Garden har så smått begynt å få inntekt frå mjølkekyr og litt kveg. Draumen er å kunne følgje opp ungane frå barnehagen, og tilby dei leksehjelp og aktivitetar etter at dei sluttar i barnehagen. Mange droppar ut av skulen etter nokon få år, og det er marginalt av tilbod ungar og ungdom har av aktivitetar i San Vicente. Me vil byggja ein plass der born og ungdom kan kome og læra å ha tru på seg sjølv og læra å ha tillit til andre. Ein plass der kvar

Eit vanleg syn, hæren sine styrker sirkler ofte rundt i lufta

av Inghild Skeiseid

å ta tak i, og samla inn ressursar for å starte ein barnehage i ein særskilt landsby som heitte San Vicente. Barnehagen heiter GLADE DAGAR. Der fekk born mat, undervisning og mykje omsorg. Dei kom frå familar med mange forskjellige behov.

Eit slikt samarbeid mellom nordmenn og colombianarar skrid ikkje fram av seg sjølv. Eg blei difor den personen som tok meg til mange turar til San Vicente for å bygge opp eit mest mogleg solid arbeid. Spansk blei lært, og eit forsøk på å forstå kulturen og utfordringane dei lev i. Både styresmakter, hæren og FARC-geriljaen bør ein halde seg inne med for å vera utlending i dette området. Gode medarbeidarar blei funne, og mange draumar om arbeidet blant born, ungdom og familar i landsbyen blei diskutert.

San Vicente er ein landsby som ligg midt i konflikt-området. For ti år sidan føregjekk det fredsforhandlingar her, og Farc-geriljaen styrte i over tre år denne landsbyen og området rundt. Då forhandlingane braut saman, kom hæren inn med full styrke for å utrydde Farc-geriljaen. Kamphandlingar føregår ennå i fjellet og i jungelområdet. Men det er ikkje berre kamphandlingar som gjev eit usikkert samfunn. Folk må forhalde seg til uskrivne lover som geriljaen set. Eit eksempel er skatten som folk må betale til geriljaen. I landsbyen kan du ikkje sjå ein einaste geriljasoldat, berre hæren, men ein veit aldri kven som er informantar. Hæren prøver å utrydde alt av FARC-geriljaen sine folk og sympatisørar, men lokalbefolkingen må i skjul forhalde seg til beskjedar som kjem frå geriljaen.

Folk kjem inn til landsbyen som flyktningar frå landsbygda, mange må vidare for å prøve å skape ei betre framtid. Andre kjem til landsbyen berre for å

enkelt kan få utvikle dei ressursane dei har, slik at dei saman kan bygge opp eit samfunn som er basert på tillit, tryggleik og framtidshåp.

### Mikrokredit

Eit samfunn treng også økonomiske muligheter for å få ting til. For litt over 3 år sidan fekk me i gong eit kooperativ som gjev små lån til mange som ikkje får lån i banken. Det er finansiert av lån frå eit aksjeselskap som heiter Colombia Kapital, også starta på Finnøy, av same ihuga gjeng. Her får menneske hjelp til å hjelpe seg sjølv, og får vise at dei kan få til noko når dei får ein sjanse. Me veit kor vanskeleg det kan vera å byggja opp noko viss ein ikkje har mulighet til lån. Mange får hjelp til å sette i gong ein forretningsidé eller utvikle forretninga dei allereie har bygd opp. Kooperativet har litt over 400 aktive medlemmar, og etterspørselet er større enn kva me kan tilby. Mykje av arbeidet går ut på å bevisstgjera folk på ansvarlighet og punktlighet. Det er lite kultur for dette, men dyktige lokale folk har fått mikrokreditten til å fungere.

### Jesus sin fred

Jesus gav oss eit bod om å elska kvarandre, så lett å forstå, men så vanskeleg å gjera i praksis. Det kan verka litt ambisiøst å jobbe for fred i Colombia, men på vegen veit me at me kan vera med og skapa fred for den enkelte. Me veit at det er i møte med enkeltmenneske og våre handlingar i kvardagen, som gjer ein forskjell i andre sine liv. Det er i det små det startar, med dei små.

I ei verd der våre handlingar ofte fører til at me sit igjen med vonde sår, sorg, sinne og hat, så veit me at Jesus kan røre hjarta. Han kan lege sår, bytte sorg



Oversiktsbilete frå barnehagen. Fleire glade dager

med glede og hat med kjærleik. Jesus seier i John. 14,27: Fred etterlet eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det.

Eg ynskjar alle ei fredeleg jul. Eit ynskje om fred i kvart land, kvar heim og kvart eit hjarte som slår på denne jorda. Eg veit at alle kan bidra for at julefreden skal senka seg, også langt utover juletida. Enten det er i nablaget eller på andre sida av jorda.

Viss nokon vil vite meir om arbeidet kan de sjå på heimesida vår, [fredicolombia.com](http://fredicolombia.com), eller ta kontakt med Inghild Skeiseid. E-mail: [ingskeiseid@hotmail.com](mailto:ingskeiseid@hotmail.com) eller tlf: 90568496



To av mikrokredittlånarane

## Juleminner

Frå barndommens beste dagar, det blenker og skin i gull av minner som då blei lagra, ja, minnekista er full! Allting har lyse fargar, mørke på avstand var ingenting tok bort gleda – heime hos mor og far!

Travelhet og lukter, vasking, baking og slakt alt skulle vere ferdig, på helga me måtte gi akt! Juletre kom med båten, for lite var det støtt! Men når det var ferdig pynta, me song om at Jesus var født!

Då var ikkje treet for lite, då var det heilt perfekt! Pynta med kuler og glitter, og bordet i stova var dekt! Nå var det fest rundt bordet og maten smaka så godt alle var veldig spente, tru kva me hadde fått?

Juleforventningsleda, tru om me nå den finn? All verdas hemmeligheter i julepapir pakka inn? Kan hugse eg låg bak senga og gøynde meg rett og slett for ingen, nei, ingen må sjå det, eg prøvde å halde tett!

Ei glitrande julekule, ei pære som skein i gull, den kjøpte eg til ei søster, ein pakke av kjærlighet full Eg syns at den var så fine, eg berre måtte sjå papiret vart nokså krøllet når det skulle av og på!

Slik lærte me godt å skjøne det som mor og far sa: «Den aller største gleda, er å gjera andre glad». Eit julegåve-minne, så skjørt at det knusast kan for alle våre minner må stellast med varsom hand!

Ei afta, eg ser det for meg, ein pakke så fint laga til ei eske med lommetørkle, desse eg bruker vil! Men finast med heile presangen, det var ikkje det som var i, nei, sjølv julepapiret, tenk å til meg det gi!

Julehelga blei krona med jule-bebedhusfest. Kulda var rundt om huset, men inne der var det fest! Ytterkleda blei tatt av og lagt på eit loft så kaldt, så inn til ein festkledd storsal, der juletreet var ALT!

Det skein og det blenkte mot oss, med lys og pynt så fin korger av glanspapir laga og stjerna i toppen skin. Velkommen og song og tale, opplesing frå eit blad mat og songen rundt treet, det gjorde oss alle glad!

Me song om den vesle guten som kom frå det høge slott Me høyrdde om Maria og Josef, til Betlehem dei hadde gått. Me visste Han kom for å frelse, og kvifor me feira jul. Me song om hyrdar og vismenn og englar som dalar i skul.

Når festen var nesten over og pappa tok oss i hand, fekk dei store bli att åleine, rundt treet gå hand i hand Det var den store draumen, og dei som fekk vera igjen var heldige, syns me minste, spenninga, me kjente nok den!

Når eg blei så stor som dei andre, var dette over og ut! Og draumen blei aldri oppfylt for meg, eller jam gammal gut, Men draumane lever i oss om skikkane skiftar fort, og julefesten i bygda var alltid av beste sort!

Gunvor november 2011

## De fire lysene

**Fire lys brant på adventskransen.  
Det var helt stille, så stille at man kunne høre  
lysene snakke til hverandre.**

**Det første lyset sukket og sa:**

«Mitt navn er fred. Jeg skinner klart, men menneskene vil ikke ha fred, de vil ikke ha meg.»

Flammen ble mindre og mindre. Til slutt slukket den helt.

**Det andre lyset sa:**

«Mitt navn er tro. Men jeg er blitt overflødig. Menneskene vil ikke vite av Gud lenger. Det er meningsløst at jeg brenner.»

Så slukket det andre lyset.



**Bedrøvet og med lav stemme sa det tredje lyset:  
"Mitt navn er kjærlighet. Jeg eier ikke lenger kraften  
til å brenne. Menneskene overser meg.  
De ser bare seg selv og ikke dem de  
skulle elske."**

Også det tredje lyset sluknet.  
Et barn kom inn i rommet,  
så på lysene og ropte  
forskrekket:

"Lysene har sløknet! Men  
dere skal da lyse!" Øynene  
på barnet ble fulle av tårer.

**Da hørtes stemmen til  
det fjerde lyset:  
"Ikke vær redd! Så lenge jeg  
brenner, kan vi tenne de andre lysene  
igjen. Mitt navn er håp."**

**Og barnet tente alle de andre lysene med  
flammen fra håpets lys.**

# KyrkjeNÆR

tekst og foto: prosjektgruppa i Kyrkjenær



I regn og sol hadde me løa og garden til Anna Henriette og Sigmund på Eikje som base då vi hadde første del av hausttakkeprogrammet.

Dagen ga kunnskap om skaparverket og forvaltaransvaret som menneska har. Borna hadde aktivitetar ute i marka, åt pølser og blei kjent med dyr.

På søndagen var det hausttakkefest i kyrkja og betasuppe laga av Bygdekvinnelaget på Soknehuset.



## Hausttakkefest i Tysvær sokn 19.og 23.september.

av Marit Sofie Teistedal Vikre



Bilete frå hausttakkefest i Førresfjorden sokn

bilete Kristin T. Skofteland

## Kode B

I Bokn og Tysvær Sokn

Til våren skjer det noko nytt for dei som går i 5.klasse på Bokn og Tysvær. Då startar me opp med "Kode B."

Dette er eit nasjonalt breddetiltak med 5 samlingar. 2 av samlingane inngår i ein weekend. Gjennom Kode B vil borna lære Bibelen å kjenne, og dei får sjå at dette er ei rik og spennande bok som har meinig for livet.

Målsetjinga er å vekkje leseglede og undring over det mangfaldige innhaldet i Bibelen.

Invitasjonar kjem i posten på nyåret. Spørsmål kan rettast til kyrkjelydspedagog Greta Skorpe Elverhaug eller kateket Marit Sofie Teistedal Vikre. Tlf: 52 75 77 00.

For meir informasjon: Gå inn på kodeb.no



Bilete frå alternativ  
Halloween på Bokn

foto: Greta S. Elverhaug

Kyrkjetonar nr. 4 - 2012



Utdeling av Bibel til  
4-åringane på Bokn.

foto: Greta S. Elverhaug

Kyrkjetonar nr. 4 - 2012

**Velkommen til  
Babysong på Tysvær Soknehus**

Mor og/eller far med barn i alderen 0-12 mnd er velkommen til trivelege samlingar åtte torsdagar framover, kl. 10.00 -12.00

**Datoar for våren 2013:**

17., 24. og 31. januar  
7., 21. og 28. februar  
7. og 14. mars

Vi syng og leikar med barna i 30 – 45 min. Etter songstunda kosar vi oss med mat og prat. Ta med matpakke. Kaffi og te har vi på Soknehuset.

**"For barnet ditt finnест det ingen stemme i verda som er viktigare enn din!"**



## **Alpha i Aksdal kyrkje**

av Bård Egil Dyhol, kjelde: Alpha-kurs.no

**Alpha passer spesielt for:**

- De som ønsker å undersøke hva den kristne tro er
- De som har en tro de ønsker å børste støvet av
- Nye kristne
- Nye i menigheten

**Program for Alpha i Aksdal kyrkje.**

**Dato Tema**

- |       |   |
|-------|---|
| 10.01 | Hvem er Jesus?  |
| 17.01 | Hvorfor døde Jesus?   |
| 24.01 | Hvordan kan vi tro?   |
| 07.02 | Hvorfor og hvordan lese Bibelen?<br>Hvordan leder Gud oss?  |
| 21.02 | Hvorfor og hvordan kan jeg be?<br>Helbreder Gud i dag?  |
| 28.02 | Hvordan kan jeg stå i mot det onde?<br>Weekend: 08.03 og 09.03<br>Hvem er Den Hellige Ånd?<br>Hva gjør Den Hellige Ånd?<br>Hvordan kan jeg bli fylt av Ånden? |
| 14.03 | Hvordan få det beste ut av livet?<br>Hvorfor og hvordan fortelle andre om det?  |
| 21.03 | Hvilken betydning har menigheten?   |
| 05.04 | Alpha-fest m. middag.   |

**Program for hver kveld.**

- |                |                 |
|----------------|-----------------|
| 18.30 – 18.45: | Kaffe og frukt. |
| 18.45 – 19.30: | Undervisning.   |
| 19.30 – 20.00: | Kveldsmat.      |
| 20.00 – 20.45: | Samtalegrupper. |
| 20.45 – 21.00: | Avslutning.     |

**Påmelding og kursavgift.**

Påmelding skjer til kyrkjekontoret i Aksdal.  
tlf. 52757700  
e-post: kyrkja@tysver.kommune.no  
elektronisk via lenk på tysvaerkirken.no

Det er en kursavgift på kr. 500,-.  
Weekend og festmiddag kommer i tillegg.

Påmeldingsfrist er 2. januar 2013.

**Bli med oss på å utforske de livsviktige spørsmålene.**

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**  
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST



Kvegfolk på vei til hovedstaden for å selge kveg til slakt

## Misjonærenes fotspor

-tur til Madagaskar 06. til 20. oktober 2012

av Elise K. Høyvik

Lørdag 06. oktober var vi en spent gjeng på 15 stk. som møtte opp på flyplassen på Sola. Vi skulle reise i misjonærenes fotspor til Madagaskar. Turen ble arrangert for menigheten i Tysvær kirke og vi var 10 stk. fra Tysvær våg, 3 fra Nedstrand og 1 fra Skjold + reiselederen vår Martin Ivar Arnesen som har vært misjonær på Madagaskar i 10 år. Han er nå prest på Tau.

Målet med turen var å besøke blant annet «Bara-prosjektet» som menigheten vår støtter, Martin Ivar startet dette prosjektet da han jobbet som misjonær på Madagaskar. Bara-prosjektet foregår i fjellandsbyer som har lite kontakt med resten av Madagaskar. Prosjektet blant Barafolket, som stort sett driver med kveg, er landsbyutvikling der en jobber med helse, undervisning, jordbruk og husdyrhald hånd i hånd med evangelisering.

Vi reiste fra Sola via Amsterdam til Paris hvor vi overnattet på et hotell i nærheten av flyplassen. Søndag morgen reiste vi videre til Antanarivo, Tana blant de som bor på Madagaskar, som er hovedstaden på Madagaskar. Den siste flystrekningen tok 11 timer. Vi ble hentet på flyplassen av en trivelig dame som het Manga, hun snakket godt norsk og jobber ved misjonsstasjonen. Reiselederen vår Martin Ivar snakker flytende gassisk så vi fikk oversatt alt som ble sagt på gassisk. Det er i hvert fall det vi tror, er jo ikke så godt å vite siden ingen av oss andre kunne dette språket. Vi ble kjørt til misjonsstasjonen NMS-Isoraka (Det Norske Misjonsselskap) der vi skulle overnatte den første natten. Det var blitt midnatt da vi kom fram så vi gikk rett i seng. Det var litt rart i begynnelsen å sove under myggnettet, men vi vendte oss snart til det.

Etter en god frokost gikk vi en tur i byen for å se oss litt rundt og å ta ut penger i minibanken. Valutaen på Madagaskar er Ariari og 1000 Ariari er ca. 2,70 norske kroner. Så vi følte vi hadde mye penger da vi tok ut 300.000 Ar i minibanken, men det var bare rundt 800,- i norske kroner. Det var mye å se på, smale gater og mye biler og folk. Vi gikk til torget og der yrte det av folk. Vi ble fort omringet av selgere som ville selge oss alt mulig. Siden vi var de eneste hvite var det ikke så vanskelig å se at vi var turister. Det er utrolig mye fattigdom på Madagaskar, det møtte oss over alt hvor vi dro.

Etter lunch fikk vi høre om NMS sitt arbeid på Madagaskar av Arild Bakke som er konsul i det norske konsulatet på Madagaskar og som arbeider for NMS. Etter at vi hadde snakket med han ble bagasjen surret fast på taket av bussen og turen gikk videre mot Antsirabe. Vi var på Madagaskar i tørketiden og det var på det tørreste nå i oktober. Når vi dro sørover så vi ikke mye vann i elvene, noen plasser var elveleiene helt tørre. Regntiden er ventet i månedsskifte november-desember så de gikk og ventet på regnet nå. Vi syntes det var godt å slippe regn, det hadde vi hatt nok av før vi dro. Både Tana og Antsirabe ligger i fjellområde, de ligger ca. 1200 m.o.h, så det gikk både oppover og nedover i bratte bakker. Vi møtte mange kjerrer som ble trukket av okser langs veien. Det er et vanlig fremkomstmiddel for den vanlige gasser å bruke. Stemningen i bussen var god, veldig greit med aircondition når det var varmt ute. Da gjorde det ikke så mye om det ble noen timer i bussen om gangen. Vi stoppet på en øde veistrekning for sjåføren ville stramme tauene rundt bagasjen på taket. Da vi stoppet så vi ikke verken hus eller folk. Plutselig stod det en 15-20 unger rundt bussen. Hvor de kom fra er ikke godt å si, mest sannsynlig jobbet de på markene i skråningen nedenfor veien, for de var veldig skitne. Vi gav dem drops, det var veldig tydelig at de ikke gikk på skolen, de kunne hverken stå på rekke eller vente på tur. De stimlet bare sammen rundt oss og prøvde å få tak i mest mulig. Veldig trist å se hvordan mange av barna levde. Det er mye fattigdom og analfabetisme, over 90 % av Madagaskars befolkning er analfabeter. Så et veldig viktig arbeid her er å alfabetisere, lære både barn og voksne å lese og skrive.

Vi ankom Antsirabe uthånden og stoppet for å kikke i et syatelier som drives av en dame som heter Fanja. Hun startet dette og har i dag 40 personer i arbeid. Her broderer de duker, dåpskluter og forskjellig annet som de selger.

Vi skulle bo på Lovasoa som er den tidligere norske skolen på Madagaskar. Nå er det et kultursenter. Etter lunch dro vi ut til Tombaso som er en jordbrukskole. Det er Tomb jordbrukskole i Råde i Østfold som har startet og gitt støtte til denne jordbrukskolen. Her lærer elevene å drive jordbruk på en måte som både utnytter jorda på best mulig måte og et husdyrhald som tar vare på dyrene og får best mulig ut av melke- og kjøttproduksjonen. Her har de den norske ku rasen Norsk Rødt Fe som gir mer melk og kjøtt enn den tradisjonelle gassiske kua. De dyrker også Morbærtre her på jordbrukskolen, det er begynt å minke kraftig på disse og andre trær på Madagaskar på grunn av at de brenner trær og gress for å få beiter og jord til

å dyrke mais. Det resulterer i erosjon og dårlig jord med lite næring til å dyrke noe i. Silkeormen har sitt tilholdssted i morbærtreerne og den er også i ferd med å bli utryddet om ikke denne brenningen blir stoppet. De har bygget et lite gårdsbruk som et eksempel for å vise elevene hvordan de kan bygge seg et eget bruk som de kan drive og som det er mulig for en familie å leve av. Gårdsbruket består av hus å bo i, hus til dyrehold og en kjøkkenhage. Elevene var ikke kommet enda, semesteret skulle begynne søndag 14. oktober. Mottoet på Tomboso var: Bønn og arbeid. Anders Rønningen, kunstner og musiker, fortalte oss om hva kultursenteret Lovasoa brukes til. Foruten å leie ut rom til overnatting, holder de på å samle inn alt materiell om misjonsarbeidet på Madagaskar og lagrer det her. Studenter som har utenlandpraksis her på Madagaskar blir tatt godt hånd om her på Lovasoa, de hjelper både med plass å bo og veiledning av studentene. Så er du student og har lyst til å ha en praksisperiode i utlandet blir du tatt godt vare på her på Madagaskar.

Om ettermiddagen dro vi til døveskolen i Antsirabe for å se. Vi hadde med oss noen fotballer, og mens vi ventet på at rektor skulle komme, fant «gutta» fram en av fotballene og begynte å spille med noen av guttene på skolen. Det var stor suksess, hvem som koste seg mest, våre «gutter» eller elevene er ikke godt å si. Selv om de ikke kunne høre var det kontakt med en gang.

Denne skolen støttes av NMS. Elevene blir fanget opp via kirken, mange av dem kommer langt borte fra. Det var semesterstart denne dagen og vi fikk være med inn i en 1. klasse, eller 11.klasse som de sier her. Madagaskar har vært Fransk koloni tidligere og bruker den franske måten å telle klassetrinnene på: de begynner i 11. klasse og slutter etter 1. klasse, helt motsatt av hvordan vi benevner klassetrinnene. Elevene bor på skolen og er bare hjemme i feriene. Det er ikke enkelt å være døv i et land med så mye fattigdom, det er dårlige muligheter for både skolegang og arbeid. En er avhengig av å bli forsørget av familien. Denne skolen gjør et fantastisk arbeid for de døve. Her lærer de tegnspråk og språk for de som mestrer det. Etter hvert som de har lært å lese og skrive får de opplæring i et yrke. Jentene lærer å sy og brodere, gutterne lærer snekning og mekaniske fag.

Onsdag morgen kl. 06.00 fikk vi være med på markedet i byen, her var det liv og røre, gasserne ligger ikke frampå, de står opp med solen og er i full gang med dagens aktiviteter. Vi skulle kjøpe bagetter til å ha med oss som niste på turen videre. Det var mye å se på markedet, mat i alle varianter og veldig mye folk. Det som ikke var fult så kjekt å se var alle som lå på gata og sov under strosekker. Små barn, større barn og voksne, ja folk i alle aldre. I Antsirabe var det mye tigging, det er hjerteskjærende å se små barn rekke ut hånden for å tigge. Til og med en baby som ble båret på morens rygg rakte ut hånden akkurat som moren gjorde.

Etter frokost dro vi videre til Fianarantsoa, Fianar blant lokalbefolkingen. På veien stoppet vi i Ambositra for å kjøpe suvenirer. Her selges det flotteste som er å få tak i av trefigurer på Madagaskar. Lunchen hadde vi ute i det fri, rett og slett piknik i veikanten. På menyen var det bagetter og bananer som vi kjøpte

på markedet om morgen, knekkebrød, syltetøy, ost på tube og salamipølse som var medbrakt fra Norge. Maten smakte bra men det ble i varmeste laget å sitte ute i solen å spise. Langs veiene når vi kjørte gjennom landsbyer og større byer stod bodene klin i veien, det var ikke så mye avstand til veibanan. Folk og dyr gikk i veien, spesielt var det mange høner og kyllinger som spanskulerete i veibanan.

Fianar er et viktig knutepunkt mellom høy- og lavland. Den eneste tog banen på Madagaskar går herfra og til Toliara. Vi fikk omvisning i gamlebyen, det var smale og veldig bratte gater som gikk oppover til toppen av dette fjellet. På toppen av gamlebyen hadde dronning Ranavalona 1. som regjerte på første del av 1800 tallet, bodd i sitt dronningpalass. Hun var redd for kristendommen og drev derfor med kristenforfølgelse. Hun fikk mange av de kristne drept på ulike bestialske måter. Det var vanskelig å være kristen på denne tiden. Men kristendommen vant over dronningen og har vokst i ettertid. Pr. i dag er mellom 2 og 3 millioner gassere kristne. NMS startet misjonsarbeid på Madagaskar i 1866.

Middagen denne kvelden hadde vi hos Randriamahazo Hasina. Hun driver et reisebyrå og en restaurant i Fianar. Hun har tatt utdannelsen sin på universitetet i Stavanger og snakker derfor veldig godt norsk. Det er hun som har lagt opp store deler av turen vår. En trivelig dame, hun satte veldig stor pris på at vi kom på besøk fra Norge. Vi følte vi ble veldig godt mottatt da vi ankom misjonsstasjonen den første kvelden. Alle damene fikk hver sin fletta kurv som inneholdt lamba, et tøystykke til å ha rundt livet som gasserne bruker, en bunt med vaniljestenger og en orientering om plassene vi skulle besøke + reiseruten vi skulle følge hele turen. Mennene fikk en flettet toalettmappe med samme innhold bortsett fra vaniljen.

